

# Kompakt dølakrim



Kjell H. Mære:  
**«EN TIL  
EVIGHETEN»**  
176 sider  
Commentum  
Forlag AS

Journalist Kjell H. Mære i avisa Valdres har gjort det mang ei skrivekåt sjel har gått rundt og drøymt om; – nemleg å lage ein vaskeekte «dølakrim».

«En til evigheten» er ei historie om kva som kan skje dersom ting går av skaftet. Forfatteren utnyttar til fulle det som blir sagt om at sjølv ikkje den friaste fantasi kan overgå det verkelege livet.

Historia er henta frå Nord-Aurdal, der det i løpet av hausten begynnar å skje veldig merkelege ting. Stikkorda er smuglarsprit og plutselege dødsfall. Etter kvart skal det syne seg at dei tilsette ved det lokale lensmannskontoret ikkje er så reint ueffne når det gjeld å sjå eit mønster i galenskapen. Her handlar det ikkje berre om smugling, men også om gambling, og ikkje minst om drap. Relativt tidleg i historia får lesaren også høve til å gjera seg kjent med drapsmannen. Gjennom fleire parallelle historier følgjer lesaren livet på ulike stader, heilt til brikkene plutseleg begynnar å falle i hop til ei stormande avslutning.

Kjell H. Mære skal ha all ære av at han har skrive boka. Han har greidd å grava seg ned i eit dølasamfunn, og sett kva som kan ligge av krut i det som skjer bak velfriserte fasadar. Regien er stram, og framdrifta hurtig, somme gonger så kjapp at det går vel fort for den tolmordige dølalesar. Det som dreg

litt ned er at persongalleriet blir litt overflatisk behandla, også dei ein må rekne for hovudpersonar. Dermed får ein som lesar ikkje eit skikkeleg

«eg-tilhøve» til det som skjer. Språket er heller ikkje maks i alle fasar, litt for blodfattig og lite variert. Folk snakkar som dei gjer i byane, og det gjer dei

ikkje i Valdres, i alle fall ikkje i den tilårskomne generasjonen. Men spenninga held seg oppe til siste side.

**Olav J. Bøthun**

